

# BOKN BYGDEBLAD

---

Nr. 5 - mai 1987 årg. 2

---

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR - 10 NR. PR. ÅR

---

## MANGE FORNMINNE AVDEKKA PÅ BOKN

I traseen for den nye riksvegen er det gjort store funn  
I Arsvågen, på Nedrebø og på Ognøy

To arkeologar og ein kjemikar  
frå Arkeologisk Museum i Stavanger har dei siste vekene  
hatt arbeidsplassen sin på Nedrebø på Austre Bokn. Her har  
dei funne to hellekister (eller graver) i ei røys som ligg rett  
i den planlagde riksvegtraseen. I tillegg har dei funne kremerte  
bein og keramikk i ei grop i røysa. Det er også funne eit  
spinnehjul i røysa.

I den eine grava er det funne  
kremerte bein og keramikk, medan  
det ikkje vart funne noko i den andre. Det kan tyda på at der  
det ikkje vart funne noko, kan vera eldre, kanhenda frå jernalderen,  
då dei på den tida hadde skjelettbegavelse. Restene er  
difor truleg rotna og forvitra.

Røysa på Nedrebø er bygd i 2  
eller 3 faser, og det er kant  
markeringar som viser dette. Den  
ytterste er 12x13 meter.

Arkeologane er litt forsiktige  
med å seia kor gamle funna er,  
men dei kan vera frå bronsealder  
og jernalder. Radiologisk datering  
vil innan eit års tid gi svar på kor gamle funna er.

I Arsvågen vart det gjort funn  
i to røyser. Det vart funne ei  
grav i kvar røys. I den eine var  
det brende bein, keramikk og tre kol.  
Den andre grava var tom. Denne grava var plyndra. Det er  
ikkje uvanleg at slike graver er  
plyndringa. Dette kan ha ført  
gått kort tid etter gravlegginga  
og eventuelt heilt opp til vår  
tid.

Også på Ognøy har det vore ut  
gravingar i riksvegtraseen om  
trent der veggen kjem i land frå  
Susort. Her var det ein svensk,  
ein dansk og to norske arkeologar  
som fann m.a. ein steinalder  
buplass og 3 fine økser. Her fann  
dei også 28 kokegropar som kan  
vera frå bronsealderen.  
Arkeologane er ikkje heilt fer  
dige på Ognøy, og skal tilbake  
dit. Elles er dei stort sett fer  
dige på dei andre stadene. Neste  
år blir det på ny utgravingar,  
då mellom Lauplandsvågen og Sand  
vika, kor det er fornminne i riks  
vegtraseen.

Arkeolog Mari Høgestøl og kjemikar  
Anders Forsberg som Bokn Bygdeblad snakka med, seier at  
det er rikt med fornminne på  
Bokn, og spesielt langs Bokna

## BOKN SKULEKORPS TIL ENGLAND

Den 16. juni dreg 41 glade boknarar til England. Det er til saman 41 personar, 8 av desse er vaksne.


Dei reiser med buss frå Stavanger til Kristiansand, for så å ta båt vidare til Harwich nord for London. Derifrå går så turen vidare i buss til Eastbourne på sørkysten av England kor dei skal ha tilhaldsstad til den 24. juni.

Aktivitetane i England er lagt opp delvis med felles aktivitet at og delvis får musikantane disponera tida sjøl. Skulekorpset skal speia utanfor ein gammelheim ein dag, og ein annan dag i ein dyrepark. Ein dag er avsett til sightseeing i London.

Sørkysten av England er kjent for å ha godt sommarver, og er såleis eit fint feriedistrikt. Det blir nok litt av kvart å oppleva for dei som reiser.

Heimturen som startar den 24. juni går med same kommunikasjonane som framturen, og det tek vel 1 døgn før englandsfararane kan klappa til kaien med siste westamaranen frå Stavanger den 25. juni.

God tur!



## FORNMINNE, framhald frå s.1

sundet. Dei store røysene langs sundet er heilt spesielle.

Under opphaldet i Bokn har folka frå Arkeologisk Museum hatt "bu plass" hos Solveig og Arne Ognøy. Johannes Øvrebø har frakta dei meliom øyane.

## HELSE- OG SOSIAL PLAN TIL HØYRING

Den nye helse- og sosialplanen for Bokn kommune er nå sendt ut på høyring til følgjande:

Bokn pensjonistforening  
Bokn sanitetsforening  
Dei politiske partia v/form.  
Bokn skule  
Bokn skulestyre  
Bokn barnehage  
Teknisk etat  
Formannskapskontoret  
Bokn formannskap  
Bokn kulturstyre  
Fylkeslegen  
Fylkeskommunen  
Fylkeshelsesjefen  
Bokn helsestasjon  
Kommunelegen  
Bokn folkebibliotek  
Bokn helse- og sosialstyre  
Heimesjukepleiesjefen

Merknader til planen skal sendast til sosialkontoret innan 15.juni.

## Kommunevalet 1987:

Berre Senterpartiet som ennå ikke har nominert kandidatar.

### Nominerte for Bokn Kr.F:

1. Svein Kro
2. Hannemor Alvestad
3. Sigmund Alvestad
4. Sigurd Johnny Svendsen
5. Håvard Hetland
6. Egil Ognøy
7. Sverre Øvrebø
8. Marit Øvrebø
9. Ottar Borgenvik
10. Harry Vågshaug
11. Ingrid Blikshavn
12. Kari Are
13. Gunvor Øvrebø
14. Nils Bjørn Nilssen
15. Anne Marie Bokneberg
16. Solveig Ognøy
17. Mary Øvrebø
18. Anny Wåge
19. Margrethe Jøsang

### Bokn Arbeiderparti har nominert desse:

1. Svein Ivar Langhelle
2. Svein Ivar Langhelle
3. Tove Steingildra
4. Tove Steingildra
5. Birger Lindanger
6. Berit Are
7. Arne Hosaas
8. Gustav Solberg
9. Ingrid Jøsang
10. Ottar Alvestad
11. Signe Solheim
12. Gunnar Bokneberg
13. Kjell Blikshavn

### Nominerte for Bokn Høyre:

- Lars Sigmund Alvestad
  - Finn Kro
  - Linda Jensen
  - Svein Ove Alvestad
  - Kjell Terje Bryningsland
  - Arvid Jøsang
  - Einar Tore Øvrebø
  - Trine Grønnestad
  - May Elisabeth Alvestad
  - Lindy Haram
  - Per Eivind Ognøy
  - Gunn Grønnestad
  - Harry Hognaland
  - Helge Kristian Nilssen
  - Hilde Marie Christiansen
  - Tor Våge
  - Odd Grønnestad
  - Per Nesvik
  - Venke Grønnestad
  - Ingvar Alvestad
  - Kjell Øvrebø
  - Liss Alvestad Sæbø
  - Trond Egil Nedrebø
  - Annbjørn Sunde
  - Edgar Wåge
- 
14. Wenche Jøsang
  15. Ove Alvestad
  16. Else Kjellesvik
  17. Ivar Alvestad
  18. Bjørn Aarsand
  19. Erna Aksdal
  20. Arvid Kåre Jøsang
  21. Ella Berge
  22. Osmund Øvrebø

# **Store endringar i Bokn-samfunnet p.g.a. fastlandssambandet.**

Etter at fastlandssambandet er etablert i 1990 eller 1991 vil Bokn kommune i mykje større grad enn i dag bli ein del av Nord-Rogaland sin felles bustad og arbeidsmarknad. Kommunen vil i første rekke kunna ha ein felles bustad og arbeidsmarknad med Tysvær og Haugesund, men og så med Vindafjord og Karmøy. På neste side er det ei kartskisse som viser reisetider med bil frå Føresvik etter at fastlands sambandet er ein realitet.

Dette er ein av dei slutningane som kjem fram i eit førebels utkast til kommuneplan for Bokn 1987 - 2000. Det er ASPLAN i samarbeid med tilsette og politikarar i Bokn kommune som for tida utarbeider ny kommuneplan.

I utkastet heiter det at kommunen si endra rolle i denne samanhengen medfører ei rekke utfordringar og nye voner. Det er særstakt viktig at både kommunen og folk førebur seg godt på dette.

Det vil bli av avgjerande betydning at kommunen har planlagt ei styring/tilrettelegging av bygging, ei aktiv næringsutvikling og ein strategi for å sørge for gode levekår for dei ulike gruppene i kommunen.

## **Austre og Vestre Bokn. Samanknyting**


Eit resultat av betra kommunikasjonar mellom Austre og Vestre Bokn gir grunnlag for at desse to øyane i kommunen også kan bli betre knytta saman sosialt og kulturelt.

Brusambandet mellom øyane vil også innebera at fleire av kommunen sine tenester kan drivast meir rasjonelt.

## **Nytt miljø?**

Sjøl med fastlandssamband vil sannsynlegvis ikkje miljøet i lokalsamfunnet endra seg drastisk. Det sterke sosiale nettverket som ein har i dag vil framleis oppretthaldast, og erfaringar frå andre stader viser at fastlandstilknyting ikkje medfører at tradisjonane og verdigrunnlaget vert radikalt endra. På Bokn vil nok dei fleste innflyttarane ha tilknyting til kommunen.

Den sterke auken i biltrafikken vil i første omgang føra med seg ein del direkte miljøbelasningar m.a. auka trafikk, trafikkbarier, støy, fare for trafikulykker m.v. Likevel oppfattar folk flest fastlandstilknyting som positivt.



KOMMUNEPLAN BOKN 1987-2000

Reisetider med bil fra Føresvik.

## HITTEGODS PÅ SKULEN

Ei svart skinnjakke er attgløymt etter eit dansearrangement.

Ei veske til fotoapparat er funne etter 17. mai.

Deler av ein øyrering til bunadsølv er funne etter 17. mai.

Henv. til Bokn skule.

## Bokn Bygdemuseum

Bokn Bygdemuseum har ope kvar sundag frå kl. 15.00 - kl. 18.00 i juni, juli og august.

Velkomen innom!

## TAXI !

Drosjen har tlf. 74 85 54.

MERK: Nytt automatisk mobiltelefonnr. til drosjen er 090 41010



## LEDIGE STILLINGAR

### DELTIDSARBEID

Bokn Fiskemottak A/S har behov behov for deltidsansatte kvinner og menn snarest.

Nærmore opplysninger fås ved henvendelse til

Eirik Gundersen, tlf. 74 85 01



### NY UTLYSNING — SJUKEPLEIAR

Frå 1.8.87 er det ledig 1/2 stilling som sjukepleiar (natt) ved Bokn sjukestove. L.tr. 16-20.

Opplysning om stillinga, vaktordning o.l. får ein ved å venga seg til Bokn sosialkontor, tlf. 04/748532.

Søknad med avskrift av attestar og vitnemål sender ein til Bokn kommune, administrasjonsutvalet, 4290 Førsvik.

Søknadsfrist: 3. juni 1987

# VAKTLISTE HEIMESJUKEPLEIEN - JUNI 1987

1987

Man. 1	juni	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag.	Marie L. Faye har vakt frå kl.16-08	Merk.
Lør. 6	Søn. 7	Marie L. Faye har vakt heile helga, til mand. 9/6 kl.08.		På tirsdagane på dagtid utører heimesjukeppl. berre taste pl. oppdrag. Andre som treng hjelp denne dagen kontakta legekontoret tlf. 748465.
Man. 8		Gunn A. Gr.stad har vakt frå kl.08 heile døgnet		*****
Tir. 9	Ons. 10	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag.	Gunn A, Gr.stad har vakt frå kl.16-08	Fotpleie
Tor. 11				Det vert fotpleie onsdag 10.juni.
Fre. 12				Det vert ikkje fotpl. i juli og august.
Lør. 13	Søn. 14	Gunn A. Gr.stad har vakt heile helga.		Påmelding til sos. kontoret som vanleg.
Man. 15		Else Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag.	Marie har vakt frå kl.16-08 15/6 Gunn har vakt frå kl.16-08 -16/6 17/6 og 18/6.	TELEFONAR.
Tir. 16				Elise Nilsen 74 83 38 Gunn Gr.stad 74 85 93 Marie Faye 74 84 55 Legekontoret 74 84 65
Ons. 17				
Tor. 18				
Fre. 19				
Lør. 20	Søn. 21	Else Nilssen har vakt frå fre.19/6 kl.08 heile heiga .		
Man. 22		Else Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag.	Gunn A. Gr.stad har vakt frå kl.16-08.	
Tir. 23				
Ons. 24				
Tor. 25				
Fre. 26				
Lør. 27.	Søn. 28	Marie Faye har vakt frå fredag 26/6 kl.16 og heile helga.		
Man. 29		Marie Faye har vakt frå kl.16-08.	Marie Faye har vakt frå kl.16-08.	
Tir. 30				
Ons. 1.juli				
Tor. 2				
Fre. 3				

stert og vurdert.

## Store endringer i helse- og sosialsektoren fra august.

### HEIMEHJELP/HUSMORVIKAR

Fra august blir det slutt på utsending av vaktlister for heimesjukepleien. Dersom alt går etter planane, skal alle telefonar til heimesjukepleien gå til sjukehjemen frå den tida. Der vil det alltid vera sjukepleiar til stades.

Når det gjeld øyeblikkeleg hjelpe, blir det altså til sjukestova ein kan venda seg. Ein vil også legga opp til folk i størst mogeleg grad oppskjær sjukestova for hjelpe ved skader, sjukdom o.l. Sjølisagt vil sjukepleiar i enkelte tilfelle dra ut til folk ved sjukdom og skade, og det blir den sjukepleieren som har vakt som avgjer kor vidt det i det ein skilde tilfelle blir utrykning.

**PLIEUPPDRAG**

Som før vil sjukepleiar (eller hjelpepleiar) utføra faste pleie oppdrag hos hjelptrengande.

Fra august blir det slutt på utsending av vaktlister for heimesjukepleien. Dersom alt går etter planane, skal alle telefonar til heimesjukepleien gå til sjukehjemen frå den tida. Det vil det alltid vera sjukepleiar til stades.

Ein vil satsa på at sjukestova også skal brukast til avlasting. Dette kan skje ved at hjelptrengande i eit avtalt tidsrom har tilhald på sjukestova.

Vidare er det også meinings at ein skal etablera eit eldrecenter i tilknytning til sjukestova. Ein vil også sjå på om det kan ei ordning med å få kjøpt middag på sjukestova for andre eldre enn dei som bur der.

I den nye helse- og sosialplanen for Bokn er det lagt opp til at det skal kjøpast inn ein del trygghetsalarmar. Det vil bli ein sentral for desse i sjukestova.

Når det gjeld kven som skal få plass i sjukestova, vil dette bli etter ei vurdering av eit inntaksutval.

Slik det er lagt opp til, vil ein heile tida ha ei fortlopende vurdering av behovet. Å få hjelpe vil difor kunna bli ein kombinasjon av ein periode på sjukestova og vidare hjelpe heime. Ingen tilfelle er like, og ein vil prøva å tilpassa hjelpa etter behovet, som ikkje alltid er likt.

Folk som då treng hjelpe, må vinda seg til styrar/heimesjukepleiesjef slik at det kan bli regi

Sjukestova kjem i drift 1. august. Etter ei kort opplæring og samkjør in g av personalet, vil ein ta inn pasientar. Det vil bli lagt stor vekt på rehabilitering. Så få som mogeleg skal ha sjukestova som fast heim, og difor vil ein satsa på at folk som kan, skal læra seg og trenast opp til å greia seg

sjøl heime, eventuelt med noko hjelpe av heimehjelpar/heimesjukepleiar.

Ein vil satsa på at sjukestova også skal brukast til avlasting. Dette kan skje ved at hjelptrengande i eit avtalt tidsrom har tilhald på sjukestova.

Vidare er det også meinings at ein skal etablera eit eldrecenter i tilknytning til sjukestova.

Ein vil også sjå på om det kan ei ordning med å få kjøpt middag på sjukestova for andre eldre enn dei som bur der.

I den nye helse- og sosialplanen for Bokn er det lagt opp til at det skal kjøpast inn ein del trygghetsalarmar. Det vil bli ein sentral for desse i sjukestova.

Når det gjeld kven som skal få plass i sjukestova, vil dette bli etter ei vurdering av eit inntaksutval.

Slik det er lagt opp til, vil ein heile tida ha ei fortlopende vurdering av behovet. Å få hjelpe vil difor kunna bli ein kombinasjon av ein periode på sjukestova og vidare hjelpe heime. Ingen tilfelle er like, og ein vil prøva å tilpassa hjelpa etter behovet, som ikkje alltid er likt.

Folk som då treng hjelpe, må vinda seg til styrar/heimesjukepleiesjef slik at det kan bli regi

satserne for vassavgift aukes med 6% frå 1/1-87. Avgiftssatsane vert da:

**Vannavgift:**  
Satsene for vassavgift aukes med 6% frå 1/1-87. Avgiftssatsane vert da:

**Tilknytingavgift:**  
Minsteavgift (hus inntil 150 kvm) kr. 4.404,00.  
Avgift for areal utover dette pr. kvm kr. 28,50.

**Arsavgift:**  
Hus: Minsteavg. for inntil 250 kvm forbruk kr. 400,00.  
Hyter: Minsteavg. for int. 125 kvm forbr. kr. 200,00.  
Forbruk utover dette pr. kvm kr. 1,70.

**Slamavgift:**  
Avgifta for slamørming vert sett til kr. 300,00 både for dei husstanda som er knytt til felles avskiller og dei som er knytt til privat septiktank.

**Kloakkavgift:**  
Avgifta for kloakk vert ikkje endra i forhold til 1986, og skal soleis vera slik:  
Hus tilknyta selles slamavskiller, minsteavg. for int til 250 kvm kr. 400,00.  
Hus ikke tilknyta selles slamavskiller kr. 300,-00.  
Hyter: minsteavg. for inntil 125 kvm avr. kr. 170,-00.

**Tilknytingavgift:**  
Minsteavg. (hus inntil 150 kvm) kr. 4.400,00.  
Avgift for areal utover dette kr. 11,90.

**Gebyr for kart- og oppmålingsforretninger:**  
Gebyr for kart- og oppmålingsforretningar vert ~~uka~~ 1/1-87 med 50%. Betalings-  
forretning med for kart- og delingsforretning ~~til~~ da auke fra kr. 2.600,- til kr. 3.900,- i 1987.

Fullstendig gebyr ~~g~~ulativ kan fås ved henvendelse til teknisk etat.  
**Kommuneingeniør** Øren I Bokn,  
18.05. 87

### UTBETRINGSSTILSKOT OG LAN 1987

Bokn kommune har fått tildelet midiar til vidare utlån/tildeling i samband med utbetring av bustadhús.

Ein kan søkja om lån/tilstok til ulike slag utbetringsarbeid - t.d. innlegging av vath, ordna med avløp, innstallera bad/WC, isoleringsarbeid o.l.

Desse kan søkja:

1. Husstandar der minst ein person er over 60 år.  
2. Husstandar med funksjonshemma.  
3. Husstandar med særlege sosiale behov.

Ordninga er behovsprøvd, og munen tek m.a. omsyn til ink. og formuetlhøve.


Med søknaden skal det fylgia eit overslag over kostnadene som er oppsett av bygningsmann. Dette overslaget må søkeraren syta for. Låinskot vert utbetalta når utringa det er sikt om, er ~~fer~~ dørford og godkjend.

Søknadsskjema og nærmare opplysningar får ein ved å venda seg til sosialkontoret.

Søknadsfrist: 15. juli 1987

9

# Biblioteket



## OPNINGSTIDER:

TYSDAG: 16<sup>00</sup> - 19<sup>00</sup>

TORSDAG: 10<sup>00</sup> - 13<sup>00</sup>

## LESETIPS FOR JUNI:

- \* Sagan, Francoise:  
Begeret fullt. Roman.
- \* Krogh, Sosson:  
Hekletøy med store hull.
- \* Ha-slund, Ebba:  
Spurv i hanedans. Roman.
- \* Thorsen, Laila:  
Istid. Tredje bind om Ytterbergfolket. Roman.
- \* Skogheim, Dag:  
Sølvhalsbåndet. Roman.
- \* Alnæs, Karsten:  
Sjögossen. Roman.
- \* Lillegaard, Leif B:  
Neskongen. Roman.

## NYE bøker for barn :

- \* Instanes, Dagfinn:  
Folen blakk uten sal og sele .
- \* Larsen, Dag:  
Gutten som ville eie snöen.
- \* Nordstokke, Kjell:  
På egen hånd.

Frå 1.juni er Wenche Jösang tilsett som vikar ved biblioteket vårt.

På grunn av ferie vil biblioteket vera stengt desse dagane i juni:

- Tysdag 16.juni, torsdag 18.juni -  
tysdag 23.juni, torsdag 25.juni.



NAMN \_\_\_\_\_

ADRESSE \_\_\_\_\_

### **ARRANGEMENT**

#### **I JUNI**

Fredag 5. juni: Møte Pensjonist foreningen kl. 17.30.

Fredag 5. juni: Bingo kl. 19.30.  
Arr: Bokn skulekorps.

Laurdag 6. juni: Basar på Hogna land bedehus kl. 19.30. Andakt v/ Magne Nygård.

Arr: Bedehusforeninga.

Diskoteket : Laurdag 13. juni  
Vaktlister er utsende.

### **FOTPЛЕIE**

Det vert fotpleie onsdag den 10. juni. Påmelding som vanleg til sosialkontoret - 74 85 32.

Dette vert den siste fotpleie dagen før ferien, og det vert ikkje fotpleie i juli og august.

### **HELSESTASJONEN**

Helsestasjonen er stengt mandag den 22. juni.

Barnekontroll fredag den 3. juli.

### **LEGE**

Legekontoret er stengt tirsdag den 2. juni p.g.a. kurs.

### **LOKALER TIL LEIGE**

Frå ca. 1. august d.å. vert dei gamle banklokalane ledige.

I første etasje er det 3 rom, i andre etasje 4 rom.

I tillegg er det 2 små rom i loftsetasjen.

Dei som ynskjer å starta eit eller anna føretak,  
og treng lokale til dette kan meld til banken  
innan 30. juni.



**SR-BANK BOKN**



**SR-BANK**